




FRODE LAKS

Hola! Allo! Hey! Haye! Hujambo!
Sawubona! Hallo! Hei!

Frode Laks, heiter eg.
Så kjekt å få vere her med dokke!
Her var det lyst og fint!
Eg har reist hit inne i denne veska,
eg såg ingenting.
Det var bekmørkt. Kolmørkt.
Mørkt som i grava.
Svartare enn svartast.

Eg visste ikkje kor eg skulle.
Så eg øvde meg på å seie hei på
mange språk.

Kanskje skulle eg heilt til Afrika -
Sawubona! Eller til Kina: Haye!

Veit du kor eg bur?
Her får du eit tips: Eg er som sagt
ein laks. Frode Laks.

Eller, som det står i passet mitt:
F. Laks. Fffflaks!

Flaks at eg bur i elva, då - sidan eg
er laks. Maks flaks!

Elva mi, den er så fin, du har sikkert
sett ho? Ho renn forbi, rett her
bortanfor skulen/barnehagen din.

Der bur eg!

Ho er så blank og bjutiful, ha ha - eg
kan snakke engelsk og.

Det kjem nemleg ofte turistar til elva
mi, eg har høyrte kva dei seier:

Bjutiful - det betyr fin, på engelsk.

Elva mi...

Av og til sildrar og suldrar ho,
klukkar og klokke, siklar og suklar.

Men somme tider bruser og brasar
ho, buldrar og brakar, tordnar og
trommar.

Eg ligg nede i vatnet, eg er aldri
redd.

Ikkje når eg ligg i elva mi, der eg
bur.

Eg ligg i elva mi og tenkjer.

Eg tenkjer på kor vatnet har vore
før.

Kor kjem vatnet i frå? Kor reiser det
hen?

Kanskje kjem det frå Kina, kanskje
dreg det til Afrika.

Ja, det er heilt sant.
Det kan skje!

Vatnet det reiser nemleg i skyene.

Over heile himmelen.
Over heile jorda.

Vatnet reiser i regnet og i snøen.

Visst vatnet må kvile seg litt, visst
vatnet blir trøtt av all reisinga.

Kan vatnet kvile i isen?

Korleis? Nei, det må du spørje ein
vaksen om.

Det er jo ikkje eg som er vaksen her.

Eg er Frode Laks. F. Laks.
Flaks at eg kom!

Men eg kom ikkje aleine.

Eg kom i lag med ein som heiter
Per.

Eg kom i lag med ein som heiter
Poppen.

Eg kom i lag med pannekaka og
ein pølsetjuv!

Eg kom i lag med ein boks og
ein pusekatt!

Eg skal sei deg, eg er livredd for
kattar. Kattar er det verste eg veit.

Kattar er verre enn verst.

Og blikkboksar. Visst dei ligg i elva.

Eg har heilt skrekken for blikkboksar
i elva.

Kvifor? Det skal eg fortelje. Det må
dei vaksne også lære:

Fordi eg kan skjære meg på dei.

Eg har ikkje særleg tjukk hud.

Eg har ikkje føter, berre denne
sporen.

Eg har ikkje armar, berre desse
luffane.

Eg kan ikkje plukke boksane og alt
det andre bosset vekk frå elva.

Nokon må hjelpe meg med det.
Kanskje du kan hjelpe meg?

Eg drøymmer om at elva mi skal vere
blank og bjutiful, for alltid.



Ikkje full av
boksar og boss.

Når elva mi er blank
og bjutiful, då blir eg så
glad at eg får lyst å ta på
meg laks-skoa og danse!

Nei, ikkje lakk-sko! Det har eg
ikkje, eg har jo ikkje føter. Det sa eg
jo nettopp.

Laks-sko! Det er noko heilt anna,
noko hemmeleg. Top secret!

Det er alle laksar sin løyndomsfulle
løyndom.

Har du ein løyndom? Noko
hemmeleg du ikkje kan seie?

Ikkje sei det! Då er det jo ikkje
hemmeleg lenger.

Det er ikkje lett å danse utan bein.

Men eg har jo bein.
Fiskebein.

Det er berre det at dei ligg inne i
kroppen min.

Så eg kan ikkje danse med dei.

Eg kan ikkje gå på ski med dei,
heller.

Men det kan du! Når du går opp ein
bakke med ski, går du fiskebein.

Mønsteret i snøen lignar på beina
mine, dei beina eg har inne i
kroppen.

Korleis eg veit det? Eg har sett det
på røntgen!


Kva røntgen er? Det må du spørje
ein vaksen om.

Det er jo ikkje eg som er vaksen her.

Eg er Frode Laks. Flaks at eg kom.
Maks flaks.



PER SJUSPRING



Eg er Frode Laks. F.laks.
Flaks at eg kom - maks flaks!
No skal du å få helse på Per. Per Sjuspring. Per ler,
han ler og ler. Har du sett Per Sjuspring danse? Ikkje?
Eg trur Per ler fordi han dansar så rart. Prøv sjølv!
Kanskje du også må le av dansen hans.

Per Sjuspring

Har du sett Per Sjuspring danse?


Har du sett Per Sjuspring danse?

Tror du ei han danse kan?

Han danser som ein adelsmann

Det var 1.

(2, 3, 4, 5, 6, 7.)



(Nynnar...)
Det var ein det, det var to, det var tre, det var fire, det var fem,
det var seks, det var sjuuuu.
Ein, to, tre, fire, fem, seks, sju. Sju, seks, fem, fire, tre, to, ein.
Framlengs og baklengs, oppover og nedover.
Nei, no blir eg snart heilt tullerusk av all denne tellinga.



Slik førebur du aktiviteten:

Sjå på film av dansen med QR-koden.



PUSEKATTEN

Frode Laks. Då hjelp det ikkje med flaks.
Kattar er verre enn verst. Kattar er det verste eg veit.
Søte, seier du? Snille? Kosete?
Syng meg ein song om ein kosete katt, då.



Pusekatten

Pusekatten sit på taket,
tala med sine små døtre.
Kor ska vi hen te vinteren,
vi fryse på våre små føte?
Vi ska reise te Danmark,
kjøpe sko for ein halv mark.

Treni, treni, peparkånnj.

Pusekatten bles i sylvarhånnj.
Pusekatten slær på tromma
med fire små myse i lomma.



Så fint! Så koseleg! Eg trur den katten i den songen var ein liten katt.
Kanskje berre ein kattunge? Ein gong var eg og liten. Eg var først ein liten yngel. Så blei eg
litt større, då var eg ein mort. På eitt-årsdagen min kalla mamma meg for krede.
På tre-årsdagen min kalla pappa meg for kjø. Frode kjø! Då budde vi i oppe i vatnet. Så flytta
vi ned i elva. Der blei eg ein laks, ein stor og sterk, klok og kul laks. Frode Laks med flaks.
Maks flaks. Ein gong var du ein baby. Eit lite knøtt. Ein smårolling. Så blei du større.
Kva er du no? No er du ein som kan danse og synge, telje og dele,
leike og lære. Det er digg-digg-diggare-diggbart!
Maks Flaks! Helsing Frode Laks.


Slik førebur du aktiviteten:

Sjå på film av sang med rørsle med QR-koden.





OPPEN POPPEN



Eg kjenner ein som heiter Poppen! Eller var det Oppen? Oppen Poppen, var det.
Har du høyrte kva som skjedde med han?
Han blei tullete av å telle. No skal du få høyre:

Oppen Poppen

Oppen Poppen

Spelemann i toppen


Sprang over gjerdet

Tok seg ei pære

Delte den i mellom sju

1, 2, 3, 4, 5, 6, 7

- Du er ein stor tjuv!




Oppen Poppen var flink å dele, då. Eg trur det er verdens viktigaste ting å lære, faktisk.
Å bli flink til å dele. Visst vi deler likt, får alle nok. Trur du at du kjem til å lære å dele likt på skulen? Det er jo verdas viktigaste ting å lære. Kvifor det? Det må du spørje ein vaksen om. Det er jo ikkje eg som er den vaksne her. Men tenk om dei vaksne ikkje har tenkt å lære deg det? Noko så skrekkeleg! Skrekk og gru! Grøss og huttetu!
Ojoj... Neineinei... Jajaja...

Slik førebur du aktiviteten:

Sjå på film av regle med rørsle med QR-koden.






PANNEKAKA



Du...? Sjå ned i veska her.
Ser du den grønne boka? Der finn du eit eventyr du må lese.
Det handlar om ei kone som hadde sju, svoltne ungar
og til dei steikte ho ei pannekake.
Men dei kunne ikkje å dele! Korleis trur dokke det gjekk?
Det skal de snart få høyre:

Eventyret om Pannekaka

Side 88 i eventyrboka



Ha, ha, ha.
Det var mange morosame ord i det
eventyret der.
Gylte grisesylte! Ha, ha, ha. Noko så rart har
eg aldri høyr.
Glad det ikkje er eg som har eit så rart
namn.
Eg heiter Frode Laks. F.Laks. Flaks.
Maks flaks å ha eit så kult namn.

Slik førebur du aktiviteten:

Sjekk introduksjonsheftet for mange tips!



PØLSETJUVEN

Og no skal eg, Frode Laks, vise deg ei overrasking: (trommevirvel)

Mi favorittbok!

Sjå for ei digg-digg-diggare-diggbar bok!

Slurp slarp slurpesen! Elv Elvis Elvisen!

Eg blir heilt skjelv skjelvis skjelvisen i knea av denne boka.


Visst eg hadde hatt kne, hadde eg i allefall blitt det!

For eg berre eeelskar denne boka!

Ladies and gentlemen, mine damer og herrer,
mesdames et messieurs:

Her er

Pølsetjuven



Eit jobb-byte-senter.

Så lurt!

Visst det fanst eit jobb-byte-senter på ekte -

Då skulle eg ha sendt alle kattar på besøk til Kjell.

Så kunne dei slutte å vere fiske-etarar

og heller ete noko anna. Gulrøter og potet.

Tomat og agurk. Løk og salat. Blomkål og brokkoli.

Det er det same for meg! Berre ikkje laks!




Slik førebur du aktiviteten:

Sjekk introduksjonsheftet for mange tips!



SPARK PÅ BOKS



Og du? No er det friminutt! Kom ut og leik!
Kva skal vi leike?
Spark på boks!
Spark boksen så langt du kan.
Men ikkje heilt ned i elva.
For elva mi skal vere blank og (få høyre):
BJUTIFUL!

Spark på boks

Slik leikar du:

- Finn ein tom hermetikkboks
- Set den i midten av ein stor ring
- Deltakarane samlast i ringen. Ein av desse blir valt til å stå. Ein annan sparkar hardt i boksen.
- Deltakarane gøymer seg mens den som står tel
- Den som står leiter etter dei andre
- Når den som står finn ein av dei, spring han tilbake til boksen og roper for eksempel: " Per på boksen"
- Per står med boksen og ventar. Han kan bli fri ved at ein som ikkje er tatt, kan springe bort til boksen og sparke den langt av stad.
- Den som står, må då hente boksen og telle til femti før han igjen kan leite etter dei andre.
- Når alle er tatt er leiken ferdig

Slik førebur du aktiviteten:

Du treng ein tom hermetikkboks. Spark på boks er ein uteleik. Antal deltakarar: 4+